

---

Saksnr: 2020/35690-69  
Saksbehandlar: Karl Inge Nygård  
Dato: 03.05.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet, fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Status båtanbod

Skyss har fleire pågåande anskaffingar av operatørar for drift av båtruter:

- Rutepakke 1 Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm (for perioden 2022-2024 og for perioden frå 2024)
- Rutepakke 2 Lokale båtruter i Sogn og Fjordane
- Kystvegekspressen

Dette notatet vil ta for seg status og planlagt framdrift for anskaffingane. Både Rutepakke 1, Rutepakke 2 og Kystvegekspressen har naudsynte avgjersler som må behandlast politisk etter kontraktssigining med operatør.

### Rutepakke 1 Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm for perioden 2022-2024

Føremålet med anskaffinga er å få på plass operatør for drift av båtsambanda i perioden 2022-2024, medan det vert gjennomført konkurranse og driftsførebuingar for ein langvarig kontrakt med delvis nullutsleppsteknologi frå 2024. Kontrakten vil gjelde frå signering til og med 30.11.2024. Driftsoppstart for rutene vil vere 1.mai 2022. Oppdragsgjever har rett til å forlenge kontrakten med inntil 2 år.

Anskaffinga vart kunngjort 03.03.2021 og kvalifiseringsfrist var 06.04.2021. Tilbudsfristen er sett til 19.05.2021, og det er forventa signering av kontrakt i veke 25.

### Rutepakke 1 Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm

Føremålet med anskaffinga er å få på plass operatør for drift av båtsambanda frå 2024. Det er i denne anskaffinga det vert stilt krav om delvis nullutsleppsteknologi. Kontrakten vil gjelde frå signering til og med 30.11.2036. Driftsoppstart av sambanda vil vere 1. desember 2024.

Det vart publisert ein rettleiande kunngjering 16.04.2021 for å førebu marknaden slik at ein kan starte tilbudsarbeidet, samt gi dei moglegheit til å kome med tilbakemeldingar på konkurransegrunnlaget før den endelege kunngjeringa. Ein tek sikte på å kunngjere konkurransen den 28.05.2021, og tilbudsfrist vil då truleg bli sett til 01.09.2021. Det vert lagt opp til forhandlingar og signering av kontrakt frå veke 36-44.

I Rutepakke 1 vert det stilt eit klimakrav som er forventa løyst med hybridelektriske fartøy. Eit slik teknisk konsept gjer det naudsynt å etablere energiinfrastruktur på fire av kaiene i rutepakken. Det er derfor søkt om støtte frå Enova for dei kostnader operatør har knytt til etablering av energiinfrastruktur. Ein føresetnad for å kunne følgje framdriftsplanen er at vi får et positivt svar frå Enova innan invitasjon til konkurransen vert sendt ut.

Oppdragsgjevar har rett til å be operatør i staden gjennomføre oppdraget med berre fossilt drivstoff (MGO). Ved bruk av denne opsjonen vert kontraktslengda redusert til 6 år. Oppdragsgjevar må varsle operatør skriftleg innan 8 veker etter Kontraktssignering dersom opsjonen skal utløyasast. Det blir derfor tatt sikte på å legge fram saka for politisk beslutning i utvalsmøte i oktober.

## Rutepakke 2 Lokale båtruter i Sogn og Fjordane

Føremålet med anskaffinga er å få på plass operatør for drift av lokale båtruter i Kinn, Bremanger, Stad, Vik, Høyanger, Sogndal og Lærdal kommunar frå 2024. Kontrakten vil gjelde frå signering til og med 30. april 2036. Driftsoppstart vil vere 1. mai 2024.

Anskaffinga vart kunngjort 11.03.2021, og kvalifiseringsfrist var 19.04.2021. Tilbudsfristen er sett til 14.06.2021, og det er forventa signering av kontrakt i veke 37.

Det vert også i Rutepakke 2 stilt klimakrav som er forventa løyst med hybridelektriske fartøy. Eit slik teknisk konsept gjer at det vil vere naudsynt å etablere energiinfrastruktur på fleira av kaiene i rutepakken. Det er derfor søkt om støtte frå Enova for dei kostnader operatør har knytt til etablering av energiinfrastruktur.

Ein føresetnad for å kunne følgje framdriftsplanen er at vi får et positivt svar frå Enova før tilbudsfrist. Framdriftsplanen vil bli følgt dersom vi ikkje får negative signal frå Enova. Dersom vi får ei positiv tilbakemelding vil tidsfristane i konkurransen truleg gå som planlagt. Om vi ikkje får innvilga det vi har søkt om, kan det vere ein risiko for at tilbudsfrist blir utsett. Tilbudsfristen vil då bli utsett til etter sommarferien og den vil leggje seg tett opp i tilbudsfristen for Rutepakke 1. Ein forseinking av Rutepakke 2 vil derfor kunne påverke framdriftsplan i Rutepakke 1, og det kan vere aktuelt med ein faseforskyving. Det må nemnast at vi har stor tru på at Enova-søknaden for Rutepakke 2 vert godkjend.

Ein annan føresetnad for å kunne følgje framdriftsplanen er at gjenstående avklaringar knytt til kaidisponering og kaiareal vert endeleg avklart. Det er viktig at tilbydarane får tilstrekkeleg med tid fram til tilbudsfrist etter at alle forhold er avklart.

Oppdragsgjevar har rett til å i staden be operatør gjennomføre oppdraget berre med bruk av fossilt drivstoff. Ved bruk av denne opsjonen vert kontraktslengda redusert til 6 år frå driftsoppstart. Oppdragsgjevar må varsle operatør skriftleg innan 21.10.2021, og likevel slik at fristen minimum er 10 veker etter kontraktssignering. Om vi klarer å følgje planlagt framdrift vil kontraktssignering vere i veke 37, og operatør må derfor bli varsla innan veke 47. Det blir derfor tatt sikte på å legge fram saka for politisk avgjerd i utvalsmøtet i oktober.

## Kystvegekspressen

Kystvegekspressen var opphavleg inkludert i Rutepakke 2 før fylkesutvalet i januar 2021 vedtok at det skulle inngåast eigen kontrakt for Kystvegekspressen fram til pilotfartøyet vert godkjend. Den nye Kystvegekspressen skal gje dei reisande båtar med kortare reisetid og lågare klimautslepp med bruk av fornybart biodrivstoff som på resten av rutepakkene.

I tråd med politisk vedtak frå 20.april vil det bli utlyst ein kontrakt med oppstart 1. mai 2024 med varigheit på 1 år og opsjon på forlenging i fleire omgangar. Det vil også verte inkludert opsjonar for ulike hastigheiter i konkurransen, og det vil difor vere naudsynt med politisk behandling for å avgjere kva opsjon ein ønskjer å gå for etter at kontrakt er signert.

Kunngjering er planlagt 11.06.2021, og tilbudsfrist vil truleg bli 15.09.2021. Forventa signering er i veke 43 og det vil då vere naudsynt med politisk behandling i løpet av oktober.

## Samla oversikt over planlagt framdrift i anskaffingane:

	Rutepakke 1 (2022-2024)	Rutepakke 1	Rutepakke 2	Kystvegekspressen
Veiledande kunngjering		16.04.2021		

Kunngjering	03.03.2021	28.05.2021	11.03.2021	11.06.2021
Kvalifiseringsfrist	06.04.2021	28.06.2021	19.04.2021	13.08.2021
Invitasjon til å gi tilbud	09.04.2021	01.07.2021	27.04.2021	18.08.2021
Spørsmålsfrist	28.04.2021	16.08.2021	28.05.2021	01.09.2021
<b>Tilbudsfrist</b>	<b>19.05.2021</b>	<b>01.09.2021</b>	<b>14.06.2021</b>	<b>15.09.2021</b>
Forventa signering	Veke 25	Veke 44	Veke 37	Veke 43
Naudsynt med politisk behandling knytt til opsjon	Ikkje naudsynt	Oktober	Oktober	Oktober

### Justering av klimabonus og klimasanksjon for Rutepakke 1 og Rutepakke 2 frå 2024

Ved politisk handsaming av mandatet for utlysinga av Rutepakke 1 og Rutepakke 2 i januar 2021 vart det vedteke å stille krav om fornybart drivstoff i staden for fossilt drivstoff ved ei eventuell hybridelektrisk løysing. I arbeidet med å kvalitetssikre konkurransegrunnlaget ser administrasjonen at eit krav om biodrivstoff endrar føresetnadene for kostnadsestimata som låg til grunn for bonus- og sanksjonsmodellen som vart lagt fram:

Bonus- og sanksjonsmodellen er eit verkemiddel i kontrakten som skal utløyse større utleppskutt enn kva minstekravet tilseier. Nivået på modellen er difor satt med omsyn til forventa meirkostnadar og driftsinnsparingar ved å auke utleppskuttet utover minstekravet. Vedtaket om å stille krav til fornybart drivstoff vil ikkje auke meirkostnadane knytt til investeringa, men det vil gje større driftsinnsparingar samanlikna med fossilt drivstoff på grunn av høgare energikostnad.

Ved krav om fornybart drivstoff vil noverande bonus- og sanksjonsnivå dermed gje operatør ein langt større gevinst ved å auke utleppskuttet utover minstekravet enn kva administrasjonen ser som naudsynt. Administrasjonen ønskjer difor å gjere tilpassingar i bonus- og sanksjonsnivået ved å redusere satsane tilsvarande kostnadsforskjellen mellom fossilt og fornybart drivstoff.

Kontrakten inneheld ein rett for fylkeskommunen til å byte frå fornybart til fossilt drivstoff. Administrasjonen ser behov for å leggje inn ein eigen bonus- og sanksjonssats for det tilfelle at denne retten vert nytta.

#### Økonomiske konsekvensar

Det vart vedteke krav om biodrivstoff i fylkesutvalet 19.01.21. Dette vart kostnadsvurdert til 18-23 MNOK årleg for Rutepakke 1 og 5-6 MNOK årleg for Rutepakke 2.

Den føreslåtte bonusordninga var i saksutgreiinga kostnadsvurdert til 5-10 MNOK årleg for Rutepakke 1 og opptil 5 MNOK årleg for Rutepakke 2. Desse kostnadsestimata føreset justeringa av klimabonus som skildra over og er basert på ei forventning om hybridelektriske fartøy.

Heilt utleppsfrie løysingar som hydrogenfartøy kan utløyse høgare bonusnivå. Administrasjonen vurderer slike løysingar som lite aktuelle:

- Generelt på grunn av stor kostnadsusikkerheit, utviklingsbehov og usikkerheit knytt til når løysingane vil kunne vere klare for bruk.
- For Rutepakke 2 sett seglingsled og anløpskaier grenser for dimensjoneringa av eit eventuelt hydrogenfartøy.
- For Rutepakke 1 gjeld klimakravet i kontrakten frå driftsoppstart 1. desember 2024. Dersom det årlege kravet ikkje vert oppnådd, vil klimasanksjon bli ilagt. For at hydrogenløysingar skal kunne vinne fram i konkurransen betyr det at ei hydrogenløysing må utløyse så høg årleg bonus at løysinga vil vere konkurransedyktig sjølv med ilagt klimasanksjon den første driftsperioden.

Administrasjonen presiserer likevel at ved heilt utleppsfrie løysingar vil bonusordninga utgjere tilleggskostnader for fylkeskommunen på opptil 28-38 MNOK årleg for Rutepakke 1 og opptil 5 MNOK årleg for Rutepakke 2. Utan ei justeringa av klimabonus ville denne summen vere om lag dobbelt så høg.

